

Flott initiativ av Jan Tore!

28.05.2014



Jan Tore håpar nokon kan ta på seg å vere trenar og oppmann.

Etter om lag 20 år med kjærkomen aktivitet slit Kvinnherad Handballklubb med å skaffe trenar til HU-laget. Dette har redusert aktiviteten siste året. Sidan dei har vore utan trenar, har det blitt få kampar. Takka vere oppmann Helene Saghaug Lillesletten og spelarane har dei kunna hatt trening 1 gang i veka. I Kvinnheringen i dag går Jan Tore Johnsen ut og ber om hjelp til å skaffe trenar og oppmann.

Han veit at det vert arbeidd med trenar- og oppmannsspørsmålet, men ved å gå ut i avisar håpar han at nokon skal melde seg til teneste.

- Vi er ein kjekk gjeng på rundt 10-12 spelarar, seier Johnsen til Kvinnheringen. Han legg til at dei syns det er utruleg artig både sportsleg og sosialt å spele handball, men dei ønskjer meir aktivitet enn det det har vore denne sesongen.

Jan Tore bur i Myro i Uskedalen og er aktiv i mange samanhengar. No håpar han at nokon vil hjelpe til slik at neste sesong vert ein opptur for handballaget deira.



Dette flotte laget håpar på meir aktivitet neste handballsesong.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Kvinnherad Handballklubb og Ola Matti Mathisen.